



# BRATTVÅG ROTARYKLUBB

Medlemsbrev nr. 1, 2001/2002

August, september, oktober

President Bjørn Sandnes



Redaksjonskomite: Arne Vågnes, Endre Sandnes, Leif Sønderland, Oddmund Dalhaug

## MØTE 07.08.01

President Bjørn Sandnes opna møtet og ønskte alle vel møtt.

Åremål sidan sist:

Njål Remmereit.

Gjestar:

Grethe Hellandsvik.

Klubbsaker:

- Presidenten med assistanse av Arne Tande gjorde kort greie for arbeidet på Brattholmen i sommar og aktuelle gjeremål på dugnaden førstkomande tirsdag.
- Presidenten minte dei forskjellige komiteane om syftemåla som måtte gjerast ferdige i løpet av august.
- Alle vart oppmoda om å melde seg på fjellturen til Hjerkinnområdet i september.

Programmet for kvelden var ved Øyvind Haugen: **Reiserreportasje frå Sør-Afrika.**

Øyvind hadde gleden av å delta på ein legekongress i Sør-Afrika denne sommaren. Dette var eit passande høve til å kombinere det nyttige med bekvemmelige: Han tok med seg Kari og kombinerte turen med nokre feriedagar. På desse dagane farta han gjennom store delar av Sør-Afrika, og vi fekk gleda av å følgje reisa gjennom bilete og ord.

Først tok han oss med over den store Sør-Afrikanske høgsletta der vi fekk sjå landbruk og gruve/bergverksdrift. Sør-Afrika eksporterer store mengder landbruksprodukt som sukkerrøyr, sitrusfrukter, druer, bomull tobakk og vin. Gull og edelsteinar er eksempel på andre viktige eksportvarer.

Etterpå fekk vi sjå mange interessante bilete frå Soweto, eit område kjend for politiske spenningar og konflikhtar. Vi fekk sjå store kontrastar når det gjeld levestandard og butilhøve. Ein lang tradisjon med apartheid og rasediskriminering tek lang tid å snu. Det kan vere von om at landet kan kome ut av dette på fredeleg vis. Ikkje minst takka vere Nelson Mandela. Vi fekk også vere med til Robben Island og sjå nærmare fengselet som han hadde sete i som politisk fange gjennom mange år.

Det var morosamt å sjå bileta frå ein safaritur til eit dyrereservat (Ithala). På nært hald hadde det lukkast Øyvind å ta bilete av elefantar, nasehorn, giraffar, sebraer og (med litt velvilje) ei løve! Heldigvis sat safarideltakarane trygt i ein spesialbil under denne delen av turen.

På grunn av klima og druedyrking er Sør-Afrika eit ideelt land for

vinproduksjon. Vi fekk vere med på mange besøk til forskjellige vingardar med omvisning og smaking. Dei fleste deltakarane såg ut til å trivast med dette!

Øyvind var også innoom Swaziland (kongedøme nord for Sør-Afrika) på ein ekskursjon.

Sjølve legekongressen gjekk føre seg i Durban, den største hamnebyen i Sør-Afrika. Byen er stor (3 mill.) og kan vise mange praktfulle bygg og hagar etter det engelske koloniherrødet. Når det gjeld det faglege innhaldet på legekonferansen fekk vi høyre lite, og det var kanskje like bra....



*Bilete frå safarituren. Øyvind tok heldigvis mange bilete!*

## 21.08.01

Presidenten ønskte velkomen og opna møtet med vanleg klubbsaker:

- Åremål sidan sist: Heidi, Bjørn og Harald
- Presidenten refererte frå dugnaden på Brattholmen. Mellom anna fekk vi opplyst at gapahuken er i orden. Perry sa nokre ord om benkane som skal monterast neste år. Arne Tande som er koordinator for aktivitetane på Brattholmen fekk velfortent applaus for innsatsen sin.
- Presidenten orienterte kort om guvernørbesøket om 14 dagar og førebuinga i samband med dette. Møtelyden vart oppfordra til å ta med eventuelle partnerar.
- Kort om verving av nye medlemmar som også i år er eit satsingsområde for klubben.
- Presidenten minte om den årlege fjellturen i klubben. I år går turen til Hjelle seter i Hjerkinområdet 7 – 9 september. Det er framleis mogleg å melde seg på!
- I Ålesund er det møte i Rotary Foundation same helga som fjellturen vår. Presidenten forhøyrde seg om nokon kunne tenke seg å vere med på dette. Klubben vår skulle ha vore representert.
- Forslag og vedtak om møtefri tirsdag 11. september etter fjellturen.

**Foredrag: Knut Uksnøy – Segltur med Statsraad Lemkuhl i samband med Cutty Sark sommaren 2001.**

Først fortalde Knut oss litt om historia til Cutty Sark regattaen. Målsetjinga med regattaen er å lære ungdom sjømannskap og rekruttere desse til eit yrke på sjøen. Regattaen er internasjonal, og Ålesund, som var gjestehamn i år,

er den 8. hamna i Noreg som får den store æra å vere vertskap for dette store arrangementet. I følgje Knut var dei andre deltakarane, så vel norske som utanlandske, godt fornøgde med det Ålesund hadde å by på.

Knut hadde på eige initiativ meldt seg på ein tur med Statsraad Lemkuhl frå Ålesund til Bergen i etterkant av vitjinga i Ålesund. Statsraad Lemkuhl er eit staseleg seglskip, Noregs eldste, og er erklært bevaringsverdig av det norske stortinget. Skipet har ei interessant og omskifteleg historie som Knut gjorde greie for. Særleg er båten kjend for sine mange år som skuleskip. I 1996/97 fekk båten ei omfattande modernisering og restaurering og er i dag attraktiv på ein leigemarknad for privatpersonar og næringsliv.

Knut tinga tur for seg og Inger for seks døgn mellom Ålesund og Bergen. Dei gjekk inn i ordinær vaktturnus med faste gjeremål som høyrer til livet på sjøen. Det vanlege skipsarbeidet var ikkje så spektakulært, men klatring i mastene var både krevjande og populært! I følgje Knut var opphaldet både interessant og lærerikt, men seks døgn var nok.



*Det er ei staseleg skute Knut har segla med!*

Både opphaldet i Ålesund, turen til Bergen og båtlivet på Byggen i Bergen vart illustrert med mange vakre bilete som vart vit på stor skjerm ved hjelp av moderne teknologi.

## 28.08.01

Presidenten ønskte alle velkomne. Åremål sidan sist: Thor Grønmyr og Rune Rødseth.

### Klubb saker

- Gjester frå Vatne og Tennfjord Rotaryklubb orienterte om sine nye lokale i det gamle formannsskapslokalet i ”kommunehuset” på Vatne. Alle i klubben vår er velkomne dit onsdagar kl.18.00.
- Neste møte er guvernørmøte saman med Ørskog i Brattvåg rotary sine lokale. Styret møter til avtala tidspunkt før møtet for å gjere naudsynte førebuingar.
- Presidenten refererte eit brev frå Bislett Trading vedrørande sal av rotaryeffektar. Brevet vart lagt ut til medlemmane til gjennomsyn og eventuell tinging.
- Hermann Krogsæter frå Vatne og Tennfjord rotary orienterte om klubben sitt arbeid med KNM Hitra. Han understreka betydninga av å spreie informasjon og kunnskap om krigen og krigshistorie til dagens ungdom. Gjennom eit samarbeid med Vatne ungdomsskule skal 10. klassene om bord i båten for omvising og orientering. Han vona at klubben vår kunne engasjere seg slik at Brattvåg ungdomsskule kunne få same tilbodet.
- Programkomiteen med leiar Harald G orienterte om eit

spanande haustprogram for kubben.

Dei einskilde komiteane arbeidde om lag ein halvtime med dei forskjellige syftemåla for komande rotaryår.

## 04.09.01

Presidenten ønskte alle velkomne. Spesielt vart guvernøren vår Asbjørn Øie og assisterande guvernør Eldbjørg Standal pluss alle gjestane frå Ørskog Rotaryklubb ønskt velkomne.

Åremål sidan sist:

Arne Hofset.

Først fekk ass. Guvernør Eldbjørg Standal ordet og ho fortalde som om den nye funksjonen i organisasjonen: assisterande guvernør.

Det er meininga at dette skal vere eit bindeledd mellom klubbane i distriktet og distriktsguvernøren. Ho kom med ein klar invitasjon til klubbane om å utvikle rotary-arbeidet i distriktet.

Den viktigaste programposten denne kvelden var guvernøren sin tale til dei to klubbane. Øie fortalde først kort om Rotary si historie. Organisasjonen hor no vakse til 30 000 klubbar med 1,4 millionar medlemmar i 156 land. Etterpå understreka han to viktige aspekt ved Rotary-arbeidet: Det er viktig med oppbygging av eit indre nettverk, ein venekrins, men like viktig er eit aktivt engasjement **utanfor** klubben til beste for samfunnet. I denne samanhengen gjorde han greie nokre store internasjonale prosjekt som Rotary engasjerte seg i. Særleg Polio Pluss, det store vaksinasjonsprogrammet initiert av Rotary og

utvikla i samarbeid med UNESCO, fekk brei omtala.

Rekruttering er eit viktig tema i Rotary. Vi ser tendensar til ei forgubbing av organisasjonen, så det er viktig å rekruttere nye, yngre medlemmar. Kanskje burde vi analysere litt aktiviteten vår og justere denne litt slik at den har meir appell til yngre menneske. Kvalifikasjonskrava har det blitt endra, slik at desse ikkje skal stå i vegen for å rekruttere nye medlemmar.

Øie meinte også at vi burde vere meir synlege i lokalmiljøet og vere meir medvitne når det gjeld informasjon/PR om klubbane si verksemd. Eit konkret tips var å bruke Paul Harris prisen til aktive lokale personar som har utmerka seg gjennom samfunnsgagnleg arbeid.

## Fjelltur

### 07.09.01 – 09.09.01

Fredag ettermiddag la om lag 20 rotarymedlemmar og ektefellar av garde med retning Dovrefjell og Hjelle seter. Vi gjekk meir eller mindre rett til matbordet som var dekkja med rømmegrøt og spekemat. Vi åt og koste oss med god mat og drikke. Etterpå hadde vi ei hyggestund i peisestova med drøsing og litt song og musikk. Alle trekte seg attende i rimeleg tid for å vere godt førebudd til turen dagen etter.

På laurdag vakna vi til lett regn, men dette gjekk snart over og sola viste seg på himmelen før vi var ferdige med frukost. Vi la i veg i nesten samla tropp opp mot Kongevegen, som vi kjenner frå historia som ein pilgrimssti mot

Nidarosdomen. Vi gjekk på historisk grunn ei stund før vi fekk prøve kondisjonen vår i Hardbakken, ein topp på 1340 m. Vi gjekk vidare mot Høgstgråhøin, men gav oss god tid til mat og drikke undervegs. Veret var svært bra i denne perioden, sjølv som lufta var litt skarp og varsla at hausten ikkje er langt unna. Dei fleste av oss kava oss opp på toppen av Høgstgråhøin (1622 m), men på toppen var vi litt usikre på kor vi var, så vi gjekk på ein ny topp for å få betre oversyn og vere sikre på kor vi eigentleg var. Det viste seg at dette var Høgstgråhøin! Endeleg stemte kartet med terrenget og vi kunne tillate oss å snu heim att samstundes som vi var sikre på kor vi hadde vore! Vi la vegen om Gråhøi (1299 m) for å kunne fortelje om endå ein topp.

På Hjelle seter hadde vertskapet laga til ein deileg middag med elgkjøt, karamellpudding og eplekake. God drikke var det også mogleg å få kjøpe fordi setra hadde ”alle rettar”. Nok ein kveld i peisestova i godt lag med historier, song og musikk. Det vart ikkje like tidleg denne kvelden.....



*Maten var god på Hjelle seter. Biletet viser det trivelege miljøet inne.*

På søndag morgon var det ”på han igjen” med ny tur, men med litt meir beskjedne mål denne dagen. Vi vandra igjen på historisk grunn langs Kongeveiein, men denne gongen i roleg tempo mot Fokstugu. Vi vandra eit par timar før vi returnerte til Setra, pakka sakene våre og køyrde heim. Takk for ein fin tur!

## 18.09.01

Presidenten ønskte alle velkomne. Åremål sidan sist. Magne Lundemo

Klubb saker:

- Leiar refererte brev frå guvernøren i distriktet vårt. Han takka for sist (besøk), og let vel når det gjeld det personlege inntrykket av klubben vår.
- Brev frå Norsk rotary matrikkel. Medlemmar har høve til tinging.
- Rolf Rørhus orienterte om besøk av KNM Hitra i neste veke. Det planlagde rotary-møtet om bord må gå ut på grunn av manglande plass, men medlemmane vart oppmoda om å vitje båten (torsdag kveld). Elles hadde Brattvåg ungdomsskule signalisert interesse med vitjing av 9.klassene ved skulen. Klubben arbeider med å avtale uformelle munnlege innslag frå veteranar som har opplevd krigen i samband med besøket.
- Elles vart det opplyst om Vatne og Tennfjord rotaryklubb sitt program vedrørende KNM Hitra besøket.
- Presidenten minte klubben om den ufatteleg tragedien i New York den 11/9, der tusenvis av menneske vart drepne i

samband med eit terroråtak på tvillingtårna. Eit minutt stille.

### Foredrag for kvelden: Ole Siver Lillebø - SOL trafikk skule

Først gjekk han gjennom reglar og retningslinjer for fornying av sertifikat. Særleg er det aktuelt for enkelte å behalde rettane til å køyre tyngre køyretøy. Desse har fått brev i posten...

Dagens mest omfattande orientering var om reglane som gjeld i **rundkøyringar**. Lillebø gjekk gjennom dei forskjellige typar rundkøyringar og situasjonar i detalj. Det vart sterke meiningsutfall frå møtelyden i fleire samanhengar. Det er tydeleg at teorien om denne delen av trafikklova ikkje er nokon eksakt vitenskap, men er basert på eit sunt skjønn frå bilistane. Særleg såkalla ”lokale tilpasningar” kan vere vanskelege å meistre for framande bilistar. Men: eg trur at dei fleste fekk med seg dei viktigaste punkta!



*Ei av rundkøyringane som vekte engasjert og hissig debatt!*

## 25.09.01

Varapresident Magne Lundemo ønskte alle saman velkomne.

Klubb saker:

- Rolf Rørhus orienterte om besøket av KNM Hitra på førstkomande torsdag og fredag og om avtalane som vart gjort med Brattvåg u-skule i samband med dette. Responen frå skulen var veldig positiv. Eit detaljert program for fredag vart presentert.

### Yrkesforedrag ved Kjetil Alvestad:

Gjennom bilete og ord fortalde Kjetil levande og interessant om oppveksten saman med foreldre og søsken i Brattvåg på 1960 talet. Om utdanninga hans fekk vi vite følgjande

- Yrkeskule i Ålesund
- Maritim høgskule i Trondheim
- Ingeniørhøgskule, linje for drift og vedlikehald i Tønsberg.

Han gifta seg med Norveig, slo seg ned i heimbygda og kjøpte eit relativt gamalt hus i eit veletablert bustadmiljø like ved Brattvåg barneskule. Vi fekk gjennom fleire bilete eit inntrykk av gleder og overraskingar med det store arbeidet å renovere/oppgradere huset. Men med god hjelp av slekt og vener kom han i mål trass i ein travel kvardag med mykje reising. Huset og eigedomen vart verkeleg fin!

Hovudinnhaldet i Kjetil sitt yrkesforedrag var dei mange åra i utanriksfart på forskjellige Wilhelmsenbåtar. Vi fekk følgje han stige i gradene frå maskin-aspirant til maskinist. Bileta viste svært stor forskjell på båtane og vi

fekk eit levande bilete av eit tøft arbeidsliv om bord. Arbeid i motorrommet var tydelegvis både varmt og krevjande.

Vi fekk også masse informasjon om tekniske detaljar vedrørende dei forskjellige motortypene han hadde vorte kjend med desse åra i utanriksfart. Eg trur vi trygt kan utelate desse i dette korte referatet!

Etter åra i Wilhelmsenrederiet kom Kjetil attende til det lokale Sjøvikrederiet. Tanken på å kunne vere nærmare heimstaden var eit av motiva for skiftet. Men det skulle gå annleis:

Han hamna på skjellskraping utanfor kysten av Argentina!

Kjetil fekk atter kvart dårleg med tid, men vi var innoom både supplybåtar og American seafood før vi enda i Brattvåg Kraftverk som han er leiar for i dag. Brattvåg Kraftverk driv som vi veit ei mangslungen verksemd: godsterminal, produksjon av elektrisk kraft og sal av øl! Mykje interessant Brattvåg historie er knytta til kraftproduksjonen her.

## 03.10.01

Presidenten ønsket velkommen med å opplyse at mangeårig medlem Bjarne Skjelten var gått bort etter kort tids sykdom. Det ble som vanlig ved slike høve holdt ett minutt stillhet.

Sist fredag den 28.10. hadde vi besøk av det gamle marinefartøyet "Shetlandsbussen" m/f "Hitra". Arrangementet var et fellesarrangement mellom Vatne og Tennfjord Rotary og Brattvåg Rotary og det var anledning for

bygdas befolkning til å komme ombord å se fartøyet samt at det ble invitert klasser fra ungdomsskolen ombord hvor det ble orientert fra krigens dager.



*KNM Hitra er ein staseleg båt*

Paul Arne takket på vegne av ungdomsskolen og prosjektleder Rolf R. takket alle som hadde vært involvert til at det ble et vellykket arrangement og han hadde også med seg en hilsen fra mannskapet ombord som var svært fornøyd med besøket.

Deretter var det fritt møte.

## 09.10.01

Bedriftsbesøk på MøreNot AS sin avdeling på Hildre.

Møtet var ved dette høvet sett til kl. 19.00, 22 av medlemmene møtte opp på Hautunet 19.15, for å samordne køyringa til Hildre.

Jonas Hildre tok imot oss i kantina til bedrifta. Han viste oss med hjelp av lysark MøreNot AS si utvikling fram til dagens MøreNot AS, som er blitt Norges leiande leverandør av fiskereidskapar og utstyr til havbruksnæringa. Selskapet har i dag anlegg langs kysten frå Egersund i sør til Hammer-fest i nord, og har totalt 330 ansatte.

Omsetjinga vil i år bli om lag 350 mil kr.

I Haram har selskapet 4 anlegg, Søvik, Kjerstad, Hildre og i Brattvåg På Hildre er det produksjon av notlin, på tils. 6 "knote"-maskinar og 4 "knutelause"-maskinar. Diverse etterbehandling av notlinet blir også utført, som strekking, varmebehandling osv. Dataalderen er komen også i denne bransjen, den nyaste knutelause maskina, til ca 4 mill kr. er styrt av ein PC. I avdelinga på Hildre er der 30 ansatte, fordelt på to skift. Vi vart vist rundt på fabrikk og fekk sjå fleire maskiner i full drift. Det er alltid nyttig og interessant å få oppleve kva som foregår i den lokale industrien.

## 23.10.01

President Bjørn ønsket velkommen til årets krabbefest for ca. 60 medlemmer inkludert ledsagere.

Det var ikke noe formelt program for kvelden men våre to gjester, vår internasjonale kjente dirigent fra Brattvåg Arild Remmereit, for anledningen ved pianoet og sopranen Nadja Tzvetkova, underholdt med tre nydelige musikkstykker før måltidet.

Praten gikk livlig rundt bordene og kamaretskapskomiteen serverte velsmakende krabbeskjell og reker med tilbehør.

En vellykket kveld på alle måter.